



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Gunn Helen Henne
Telefon: 57643140
E-post: fmsfghe@fylkesmannen.no

Vår dato
18.03.2013
Dykkar dato
08.02.2013

Vår referanse
2013/649 - 008
Dykkar referanse

Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep
0032 Oslo

Brevet vert berre sendt på e-post.

Høyrings svar - forslag til forskrift om særskilt regulering av akvakultur i Hardangerfjorden

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane meiner at forskrifta og det nye forvaltningsregimet må sikre at omdisponeringa av nedskalert MTB i Hardanger skjer på ein berekraftig måte, som ikkje forflyttar problema til nye område. Vi meiner at ytre fjordområde som har nasjonale laksefjordar inst, bør skjermast. Det kjem elles ikkje fram i høyringsdokumenta korleis forslaget sine verknader på vill anadrom fisk i resten av Hordaland og Sogn og Fjordane er vurdert i høve til naturmangfaldlova.

Vi viser til høyringsdokument motteke 11.2.2013, om nytt forvaltningsregime for akvakultur i Hardangerfjorden.

Saka var sist på høyring i mars 2011, og vi viser til nokre av innspela i vår høyringsfråsegn dagsett 31.3.2011:

*Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ikkje vidare synspunkt på korleis biomassetaket og reduksjon av tildelt biomasse teknisk skal gjennomførast i Hardangerfjordområdet. Vi vil likevel peike på at den føreslegne reguleringa av oppdrettsproduksjonen i Hardanger også kan påverke oppdrettsproduksjonen og presset på vill anadrom fisk i Sogn og Fjordane.
(...)*

Det er ikkje lagt føringar for omdisponeringa av denne produksjonen til andre område i region Vest. Vi meiner at høyringsdokumenta ut frå reglane i naturmangfaldlova også burde ha vurdert kva for konsekvensar det kan gje å auke opp produksjonen i resten av Hordaland og Sogn og Fjordane med "ca 20 000 tonn MTB". Overskots-MTB frå Hardanger kan slik forslaget ligg føre, inngå i samdrifter utanfor området, og slik nyttast fritt innanfor godkjent lokalitetsbiomasse kor som helst i region Vest.

Etter vår meining bør flyttinga av denne produksjonen ikkje skje til område som allereie er under press. Vi tenker då spesielt på at ytre fjordområde i fjordar som er nasjonale laksefjordar burde skjermast, fordi fortetting og auke av produksjonen kan vere til ytterlegare skade for villaks og sjøaure. I Sogn og Fjordane gjeld dette Sognefjorden, Dalsfjorden, Førdefjorden og Nordfjord.

Vi ber difor om at forskriftsforslaget tek inn omsynet til at omdisponering av nedskalert MTB i Hardanger må skje på ein berekraftig måte, som ikkje forflyttar problema til eit nytt område.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Det noverande forskriftsforslaget har stipulert den tildelte biomassestorleiken som ikkje kan nyttast i Hardanger til om lag 10 000 tonn årleg. Forskriftsforslaget har ikkje omtalt kva verknader ei flytting og omfordeling av denne biomassen innanfor resten av Hordaland og Sogn og Fjordane kan få på naturmangfaldet, jf. naturmangfaldlova §§ 8-12.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vil igjen peike på at forskrifta og det nye forvaltningsregimet må sikre at omdisponeringa av nedskalert MTB i Hardanger skjer på ein berekraftig måte, som ikkje berre forflyttar problema til nye område. I den samanhang er det vårt syn at områda ved utløpa av dei nasjonale laksefjordane bør verte skjerma for denne veksten.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
assisterande fylkesmiljøvernsjef

Gunn Helen Henne
overingeniør

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift